



MUSEA I SOGN  
OG FJORDANE

# Årsrapport 2023





## Innhold

DIREKTØREN HAR ORDET .....	6
1 FORSKING OG BEVARING .....	8
2 KULTURHISTORIE .....	16
3 KUNST .....	20
4 ØKONOMI, ADMINISTRASJON OG DRIFT.....	26
5 OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE .....	34
6 ÅRSOPPGJER .....	40
7 REVISJONSmelding .....	56
8 VEDLEGG – LISTER OG OVERSIKTER .....	58

## Visjon

Musea i Sogn og Fjordane skal vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv.

## Verdiar

Inkluderande, nysgjerrig, nærverande, forankra

## Føremål

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sitt føremål er å drive museum. Vi skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling. Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd. Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk.

## Forord

Årsrapport 2023 er ei oversikt over aktiviteten og resultata ved Musea i Sogn og Fjordane i 2023. Innhaldet er delt opp i tre delar. Etter at administrerande direktør har summert opp året, kjem ein gjennomgang av aktivitet og status i avdelingane Forsking og bevaring, Kunst, Kulturhistorie og stab. Deretter kjem styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding. Vedlagt ligg oversikter over formidling, utstillingar, arrangement og andre arenaer museet har bidrige på.

Redaksjon: Årsrapporten er ført i pennen av leiargruppa og seksjon for kommunikasjon og marknad.

Redaktør: Kommunikasjons- og marknadssjef. Foto utan oppgitt fotograf, er tatt av Henning A. Hellebust.

Design: www.gasta.no. Publisering: Rapporten er publisert digitalt på misf.no

Framsidefoto: Opning av Rolv Muri-utstilling på Kunstmuseet.

## Takk

Musea i Sogn og Fjordane takkar for driftstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet, Vestland fylkeskommune og kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Sunnfjord Stad, Stryn, Vik og Årdal.

Vi takkar også for gåver frå Sparebankstiftelsen DNB og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.





## Direktøren har ordet

*Rentehevingar og prisauke. Dei unge vaksne har ikkje opplevd eit rentenivå som historisk blir rekna som normalt. Mange føler uro for framtida. Krigen i Ukraina held fram. Det mest urovekkande er likevel aksjonen i Israel og ein motaksjon på Gaza som saknar sidestykke med tanke på konsekvensar for barn og sivile elles.*

*I slike tider blir kulturinstitusjonar som våre viktige. Men det er berre dersom vi maktar å formidle noko som betyr noko for nokon. Den nye permanentutstillinga «Attåt» på Nordfjord Folkemuseum seier noko om korleis menneska før oss takla dyrtid. Fred og brorskap grip inn i så mange ting, og vi må tenkje grundig over kva bidraget vårt skal vere.*

Synfaring under bygginga av Tinghuset ved Jan Heggheim, administrerande direktør i Musea i Sogn og Fjordane

### Overordna

Musea i Sogn og Fjordane hadde nær 50 000 besøkjande i 2023. Nokre av musea våre hadde ein sterk auke i besøkstalet. Dette er resultat av kloke avgjerder på dei enkelte musea, og delvis av store felles satsingar. Her vil eg nemne særleg Sogn og Fjordane Kunstmuseum, som gjennom satsinga på Nikolai Astrup og den langt mindre kjende Rolv Muri har auka besøkstala sine med over 50 %. Målet er 70 000 besøkjande i 2026, og det bør vere innan rekkevidde. Men det krev godt arbeid og gode val.

Den delen av verksemda som truleg har hatt mest nytte av konsolideringa og organisasjonsforma, er samlingsarbeidet, særleg den delen som gjeld dei historiske bygningane. Samstundes har vi 16 store driftsbygningars som kjem til å krevje svært store ressursar i åra som kjem. Dette krev planlegging og prioritering, og kan på eit tidspunkt komme i konflikt med samfunnsoppdraget, samstundes som det er ein viktig føresetnad.

Inntrykket er at organisasjonen no arbeider godt fagleg, og at strukturdiskusjonane er lagt bak oss. Det var lite i evaluatingsrapporten frå slutten av 2022 om omorganiseringa i 2020 som gav grunn til å setje i gang vesentlege tiltak. Musea i Sogn og Fjordane har eit etter måten lågt sjukefråvær, noko som stadfestar at folka her trivst på jobb.

Strategiplanen var ferdig i desember 2022, og vi forsøkjer no å forankre dei viktigaste tiltaka våre i den.

### Relevant formidling

Formidling har mange former: foredrag, arrangement, utstillingar. Vi kjem til å ha hatt om lag 25 temporære utstillingar, og vi har opna den nye faste utstillinga «Attåt» på Nordfjord Folkemuseum. Eg trur at endå meir målretta og spesifikk kommunikasjon kan gjere godt for interessa. Særleg er vi opptekne av å nå barn og unge, og vi vil halde fram arbeidet med å skaffe oss transportstøtte. Dette vil vere eit godt argument for å få fleire skular til å vitje oss.

Udstillinga «Attåt» syner attåtnæringane til bønder i Nordfjord.

### Heilskapleg samlingsutvikling

Tinghuset i Angedalen, det nye fellesmagasinet vårt, blei overlevert rett før jul i 2023. Det vil gjere tilhøva betre for gjenstandar og båtar. Vi går inn i ei tid der vi må velje kva objekt vi skal ha med vidare som representative for dei ulike musea og regionane. Fleire større prosjekt gjer at dei mest verdifulle bygningane våre vil bli rusta opp. Kvammeloftet manglar berre sluttarbeidet med tak, arbeidet med Hemrebui er godt i gang, det same gjeld Løsetloftet og Heggdalsloftet. Lisetbua er berga, men er ein representant for fleire bygg vi trur kan få det betre utanfor musea sitt eige.

Eg er viss på at vi går inn i ein periode med avhending, men vi skal gjere det fagleg fundert, og vi skal gje oss den tida vi treng. Bygningsprioriteringsprosjektet er forseinka, men eg vonar vi kan leggje fram rapport tidleg i 2024, og resultata herifrå vil gje oss god hjelpe i prioriteringane på byggsida. Vi må aldri gløyme at vi lever i historia og vil ha behov for å ta inn nær historie i samlingane våre.





Mange møtte opp  
på opning av  
Astrup-utstillinga

## Trygg ivaretaking

Tinghuset blei overteke rett før jul i 2023, og no har vi 2 400 m<sup>2</sup>, av i alt 3 900 m<sup>2</sup>, klare til å lagre kunst og kulturhistoriske gjenstandar og båtar. Dette er det største løftet etter at MiSF blei danna, men vi er ikkje i mål. Både eit større magasin, produksjonsdel og besøksdel står att. Vi fekk ikkje midlar til dette i budsjettet for 2024, men prøver att i statsbudsjettet for 2025. Det andre store nyhendet er at vi endeleg er i gang med verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta. Jekta blei flytta hausten 2023, og vi er vonleg i gang med bygging våren 2024.

## Aktiv samhandling

Det handla også i 2023 om å vere ofte nok i lag. God samhandling krev mengdetrenings. Slik blir det også eit spørsmål om tid og pengar. Vi har hatt fem fysiske møte i den utvida leiargruppa. Like viktig, vi har hatt to personalsamlingar, ei dagssamling i april og ei planlagd i november. Denne siste blir halden i januar 2024 som følgje av dødsfall.



Konservator Ingrid Berger  
lanserte Tinghuset som namn  
på fellesmagasinet.

Det er viktig å ha målet klart føre oss: Vi skal drive gode museum! Difor gler det meg å sjå at mange av folka våre nyttar høvet til å studere kollegaer på turar rundt i landet. Alle dei gode har ein ting til felles, dei har studert andre og lært!

**Jan Heggheim**  
Administrerande direktør  
Musea i Sogn og Fjordane



De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum  
har foring av dyr som del av si formidling.



Handverkar Elling Hauge restaurerer eit  
Eldhus på Nordfjord Folkemuseum



# Forsking og bevaring

Avdeling for forsking og bevaring har ansvar for fleire store prosjekt i Musea i Sogn og Fjordane, og eit kjenneteikn ved slike prosjekt er at dei varer over tid. For avdelinga har 2023 vore prega av mange arbeidsoppgåver og prosjekt som er kjenningar frå tidlegare årsrapportar, men også av gledeleg slutføring av prosjekt som har gått føre seg over mange år. I fremste rekkje står ferdigstillinga av første byggjetrinn av Tinghuset, som no står klart til innflytting ved overgangen til det nye året.

2023 er også året då vi tok avskjed med ein kjær kollega. Kristian Systad døydde brått og uventa 12. november, og sorga har vore tung å bere for alle oss som kjende Kristian og jobba tett i lag med han. Kristian var tilsett som samlingsforvaltar i avdeling for forsking og bevaring sidan 2021, og før det som preparant ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum sidan 2002. Som samlingsforvaltar hadde Kristian ei sentral rolle i arbeidet med planlegging og bygging av Tinghuset, og han såg fram til å ta det nye fellesmagasinet i bruk. Med Kristians bortgang har vi mista ein viktig fagressurs, men ikkje minst ein godt omtykt kollega som bidrog til det gode samhaldet i avdelinga. Vi vil minnast Kristian med takk for alt han har gjort og betydd for Musea i Sogn og Fjordane.

## Forvaltning av samlingane

I 2023 har Tinghuset vore i ein byggfase med ekstern entreprenør, men det har vore viktig for avdelinga å vere tett på prosjektet for å sikre at brukarbehova blei tekne omsyn til når avgjerder blei tekne undervegs. Her har brukargruppa, leia av samlingsforvaltar Kristian Systad, hatt ei viktig rolle. Sjølv om byggjeprosjektet er godt planlagt, dukkar det stadig opp situasjonar der museumsfaglege perspektiv er viktige for å sikre gode avgjerder og eit godt sluttprodukt.

For å sikre gode prosedyrar når Tinghuset blir teke i bruk, har vi valt ut ein avgrensa del av samlinga som skal nyttast som test for dei ulike fasane i ein



Overrekking av Tinghuset frå entreprenør Åsen & Øverlid.

innflyttingsprosess. I 2023 tømte vi Lofthuset på Sunnfjord Museum, ofte omtalt som «Gulehuset», som har vore nytta som magasin for delar av samlinga. Prosjektet gav gode erfaringar for korleis seinare flytteprosjekt bør organiserast, og ressursbruk knytt til dette, inkludert kor mange tilsette som det er tenleg å involvere i ulike fasar. Totalt blei 855 museumsgjenstandar flytta ut av Gulehuset. Gjenstandane er no pakka i kassar og transportert til Tinghuset. Desse vil danne utgangspunktet for utprøving av flyten av gjenstandar i det nye fellesmagasinet og etablering av felles prosedyrar og rutinar for seinare innflytting.

Ei stor hending i 2023 var sikringa og flyttinga av Holvikejekta på Sandane som ledd i bygginga av eit nytt verne- og formidlingsbygg. Arbeidet blei utført av Hardanger fartøyvernssenter, og særleg var transporten av jekta på skinner inn i plasthallen der ho skal stå mellombels under bygginga, ei spektakulær hending som trekte til seg mange skodelystne. Det vil gå eit drygt år før Holvikejekta er på plass i den nye heimen sin.

Da De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum blei flytta til ny lokalitet på Vesterheim, blei ein god

del gjenstandar ståande igjen i «Raudanaustet» på Amla, særleg større landbruksreiskapar, båtar og bygningsdelar. Med bakgrunn i at eigaren no ønskte å nytte naustet til andre føremål og difor ville avslutte leigeavtala, blei det etablert ei prosjektgruppe for tømming av bygget og vurdering av gjenstandssamlinga der. Om lag 35 gjenstandar og 8 båtar blei flytta ut og plassert på mellombels lagring på Kaupanger. Nokre av gjenstandane med


uviss status i høve til museet, i tillegg til ein båt og nokre bygningsdelar, blei det vedteke å avhende.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane fekk i tildelingsbrevet frå Kultur- og likestillingsdepartementet i januar 2023 melding om å opprette avtaler som sikrar oss råderett over samlingane. Slik avtale vart inngått med Stiftinga De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum i august 2023.

*Det såkalla Gulehuset på Sunnfjord Museum blir tømt for gjenstandar. Desse er plassert i Tinghuset.  
Foto: Avdeling forsking og bevaring.*



Gjenstandar flytta ut av Raudanaustet.  
Foto: Anita Aasen.



Holvikejekta vart dratt ut av sitt gamle naust og inn i ein midlertidig rubb-hall.



Vamråk sildesalteri

### Bygningsantikvarisk

Arbeidet med prioritering i bygningssamlinga har gått føre seg over nokre år, men kom til eit delvis sluttspunkt då sjølv prioriteringssarbeidet blei fullført sommaren 2023. Enno står ferdigstillinga av prosjektrapporten att, men vi har no eit høveleg verktøy for å planleggje vedlikehalds- og restaureringsarbeidet framover, dessutan eit godt grunnlag for å drøfte og gjennomføre naudsynt avhending av bygningar. Eir døme på det siste er Vamråk sildesalteri i Kalvåg, som er av stor

kulturhistorisk verdi som eit næringsbygg som er i opphavelig stand og ligg i eit særegne kulturmiljø. Røynda har synt at MiSF ikkje maktar å nytte bygget slik det var tenkt, og vedlikehaldet er krevjande mellom anna grunna avstanden til museet der handverkarane har sitt faste oppmøte. Planen ved utgangen av året er å overføre bruken og eigarskapet av Vamråk sildesalteri til Kalvåg Kystlag, som allereie har aktivitetar i bygget.



Museumshandverkar Kjetil Bergmo set på plass nytt drakehovud.

På det særprega Cooper-huset i Balestrand har vi laga til nye drakehovud. Her har sjølve tillaginga av dei utskorne hovuda vore det mest tidkrevjande arbeidet, medan monteringen var eit blikkfang som var godt eigna til å syne fram for publikum ein viktig del av arbeidet og kompetansen til museet. Tilsvarande publikumsvennleg vonar vi at Nilsenslippen ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane blir, no som sjølve bygget er ferdig restaurert, i tillegg til at verkstaden og smia er sett i stand med operative drivreimer. Gledeleg er det også å sjå at vernetaket over det nyrestaurerte Kvammeloftet på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er teke ned. Enno står det att arbeid, mellom anna med innreiing og tak, men for publikum er det no mogleg å sjå loftet slik det er sett i stand og delvis ført attende til eit historisk meir korrekt utsjåande.

Verd å nemne er også at to av handverkarane i 2023 fullførte vidareutdanning i antikvarisk bygningsvern ved Fagskulen Vestland, og det med særskilte gode resultat. Vi gratulerer Jill Tefre og Øyvind Skarstein!

## Forsking og kunnskapsdeling

Forsking er ein langsam og somme tider einsam aktivitet. Musea i Sogn og Fjordane har høge ambisjonar for forskingsarbeidet, men det kan ta tid å sjå resultata av innsatsen. Fleire av dei tilsette, både i avdeling for forsking og bevaring og i dei andre avdelingane, har forskingsprosjekt der sluttresultatet skal bli vitskaplege publikasjonar. I 2023 har Musea i Sogn og Fjordane ein vitskapleg, fagfellevurderd publikasjon. Samstundes er fleire artiklar under arbeid og vil vonleg bli publisert i 2024. Det er framleis ein ustabil situasjon på konservatorsida, og mot slutten av året blei det gjennomført tilsettingsprosesser for to nye konservatorar på grunn av at tilsette valde å slutte ved museet. Vi vonar at vi kan få kontinuitet i forskingsarbeidet når dei nye kollegaene er på plass.

Det er likevel ikkje mangel på kunnskapsdeling i organisasjonen, og i 2023 er det publisert 9 populærvitskaplege fagartiklar og halde 5 innlegg på konferansar, 11 eksterne foredrag og 13 foredrag i regi av musea. Sjå publikasjonslista for detaljert oversikt.

Prosjektet Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland (2021–2024) som Musea i Sogn og Fjordane leiar saman med Museum Vest og Hardanger og Voss Museum, har hatt høg aktivitet i 2023 og blitt lagt merke til både blant kollegaer frå

andre museum i Noreg, og hos Kulturdirektoratet, Vestland fylkeskommune og Kultur- og likestillingsdepartementet. Prosjektet kan vise til fleire konkrete forskingsresultat, og entusiasmen for å føre prosjektet vidare i ei fast form er stor. Det har i 2023 blitt arbeidd mykje med å etablere Forskningsnettverk Vestland som ei vidareføring av infrastrukturprosjektet, og det er tilslutning blant dei deltagande musea i Vestland om at Musea i Sogn og Fjordane tek rolla med å administrere og drife eit slikt forskingsfellesskap.



Førstekonservator Therese Nesset fortel om forskinga si på handel i mellomalderen.

# 2



# Kulturhistorie

## Utstillingar

I juni kunne vi stolt opne den nye faste utstillinga «Attåt» på Nordfjord Folkemuseum. Temaet er attåtnæringer, og med utstillinga ønskjer museet å nyansere bildet av korleis ein levde, og kva ein levde av, i Nordfjord. Medan vi i friluftsmuseet formidlar om det førindustrielle bondesamfunnet, er det i «Attåt» vi no kan formidle om dei andre næringane nordfjordingane hadde i tillegg til garden.

I utstillinga har vi aktivert fleire hundre hjernehantar frå samlinga, nokre av dei er gjort tilgjengelege for publikum for første gong. «Attåt» har også gjeve moglegheita til å løfte den immaterielle kulturarven, då utstillinga formidlar om handverk og ferdigheter som vi også kan knyte til aktivitetar på museet. Dei tilsette på Nordfjord Folkemuseum har produsert utstillinga i nært samarbeid med utstillingsarkitekt Anne Mette Prestegård og grafisk designar Silja Haddal Mork.



Utstillinga «Attåt» handlar om ulike yrker folk har hatt ved sidan av gardsarbeidet.

Sogn Fjordmuseum opna dørene på nytt i juni, etter ha vore stengt i 2022 grunna lekkasje. Året museet heldt stengt, nyttar vi til å utbetre skadane, så vel som å oppgradere utstillingane som formidlar fjordkultur over tre etasjar.

På Norsk Reiselivsmuseum opna vi den nye faste utstillinga «Livet på kaien» i det gamle ekspedisjonsbygget på kaia i Balestrand. Her formidlar museet om kaia som eit knutepunkt og ein viktig møtestad for lokalbefolkinga og dei som reiste med dampen. Båten knytte bygdene saman med byar og den store verda, og i kaiområdet vaks det fram nye næringar. Med utstillinga har museet kasta lys over ein endå større del av reiselivshistoria, og ein ny kulturhistorisk bygning er opna for publikum.

Sunnfjord Museum var vertskap for vandreutstillinga «Skakke folkedrakter – ikkje ei draktutstilling» i november, kuratert og produsert av Nasjonalmuseet. I utstillinga utforska og utfordrar seks samtidskunstnarar draktskikkar, identitet og handverkstradisjonar. Kulturhistoria sine symbol og



På sommarskule hos Sunnfjord Museum får ungane prøve å smi.

idear kan gje oss kjensla av å høyre heime, så vel som å få oss til å kjenne oss utanfor, skamfulle og sinte. Og eit viktig mål med utstillinga var å utfordre publikum til å tenke på kva som har forma eiga og andre si sjølvforståing og historie.



Publikum besøker utstillinga «Skakke folkedrakter» på Sunnfjord museum.

Dyr – daude og levande – var tema for utstillinga «Dyrebar» på Nordfjord Folkemuseum og den fotodokumentariske vandreutstillinga «Livreddaren» på Sunnfjord Museum. Utstillingane formidla korleis heile dyret blei nytta for å skaffe mat, sko, klede, reiskapar og andre ting, og vidare korleis denne ressursutnyttinga har endra seg, og om kunnskap som er i ferd med å forsvinne.

Jula står i ei særstilling på kulturhistoriske museum, og på alle tre folkemusea kunne vi invitere publikum inn i julepynta stover i friluftsmuseet. På Nordfjord Folkemuseum var det i tillegg ei miniutstilling som formidla ulike juletradisjonar gjennom fleire hundreår – frå julestri til juletrepnyt.



Den utstoppa jeren med tre føter i utstillinga «Dyrebar» gjer inntrykk.

## Formidling til barn og unge

Museumsbesøket har ein eigenverdi som oppleving, samstundes som vi gjennom å utforme eigne opplegg for ulike aldersgrupper legg til rette for læring og målretta kunnskapsformidling. Dei pedagogiske formidlingsopplegga våre for barn og unge er heilt eller delvis knytte opp til kompetansemåla i skulane sine læreplanar.

Å lage ei kulturhistorisk utstilling med gjenstandar frå samlingane våre er eit komplekst og ressurskrevjande arbeid som krev involvering frå mange ulike faggrupper. Meir bruk, der vi set opp utstillingane vi produserer, på meir enn eitt museum, er difor tiltak som gjev god avkastning og bidreg til at utstillingane blir tilgjengelege for fleire. Eitt av måla i formidlingsplanen er at alle dei heilårsopne arenaene skal ha minst ei ny utstilling kvart år. På Kystmuseet sikra meir bruk av utstillinga «Sjukdommane som endra historia», produsert av Nordfjord Folkemuseum, at dette målet blei nådd. Eit utsnitt av utstillinga «Bjørn Hegranes – Kystlandskap» fekk møte nytt publikum på Vågsberget.

## Formidling

Utover utstillingar er omvisingar og pedagogiske opplegg viktige formidlingsformer der vi saman med dei besøkjande er del av eit felles erfaringsrom som også opnar for dialog og medverknad. Museumsbesøket, der dei tilsette aktivt formidlar kunnskap og peikar på samanhengar, er difor ei verdifull oppleving som gjev ein ekstra læringsdimensjon.

Alle barn og unge i Sogn og Fjordane har gjennom barnehagen eller skulen tilbod om å delta på eitt eller fleire pedagogiske formidlingsopplegg på musea våre. Vi har videreført bruken av plattforma Museumslosen, der vi publiserer ein rikhaldig meny med formidlingstilbod. Å gjøre plattforma kjend har likevel vist seg å vere ei utfordring, og vi arbeider difor framleis med å marknadsføre tilboda våre i direktekontakt med skulane og barnehagane.

Vi erfarer at transportkostnader kan gjøre terskelen for museumsbesøket høg. Difor får ikkje alle høve til å oppleve dei formidlingsproduksjonane våre som ikkje er del av programmet til DKS Vestland eller kommunane sin DKS. Dette er også ein del



Jul i Stavedalsstova på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, frå om lag år 1600.

Foto: Anita Aasen.



Jul på Nordfjord Folkemuseum. Foto: Lise Lydersen.

av bakgrunnen for at vi starta prosjektet «Det omreisande museet», der målet er å lage ein ny produksjon for turne i småskulen og barnehagen. Prosjektet har finansiering frå DKS Vestland. Den nye formidlingsproduksjonen blei saman med fleire andre tilbod frå musea meldt inn som programforslag til DKS Vestland.

Dei fleste musea freistar å programmere arrangement og aktivitetar som gjev meiningsfulle opplevelingar til heile familien. Døme på dette er tema- og familiedagar, feriedagar, sommarskule, m.m.

Særskilt tilrettelagde formidlingstilbod

Fleire av musea våre tilbyr skreddarsydde opplegg for besøksgrupper med ulike behov for tilrettelegging, og ofte er desse tilboda resultatet av godt samarbeid og dialog med lokale aktørar. I 2023 har musea bidrage til gode og meiningsfulle opplevelingar for menneske med demens, brukarar av dagtilbod ved omsorgssenter, høgskulestudentar, tilsette i SFO med fleire.



Besøkande ved Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand.

Foto: Terje Arntsen.

## Arrangement

Musea er vertskap for ei rekke arrangement for ulike målgrupper gjennom året, både for eigne arrangement og som medarrangør eller samarbeidspartner med eksterne aktørar. I tillegg til enkeltarrangement har fleire av musea arrangementsseriar med eigen programprofil som



Eit populært tilbod på De Heibergske Samlinger er å gje nissen graut i adventstida.

eit jamleg tilbod gjennom heile eller delar av året. Her ser vi gjerne ein fast kjerne besøkjande som har høg oppmøtefrekvens, medan enkeltarrangement trekkjer til seg besøkjande med særskild interesse for tema eller aktivitetar på det aktuelle arrangementet. Ei liste over arrangement og arrangementsseriar finn du til slutt i årsrapporten.

## Omvising

Alle dei kulturhistoriske musea våre tilbyr introduksjonar og omvisingar til besøkjande som løyer billett. Korleis dette tilboden er organisert, varierer frå museum til museum. I sommarsesongen er det i all hovudsak sommarvertane som står for dette tilboden.

## Kurs

Kurstilbod er med på å gjøre musea til ein attraktiv læringsarena, og vi har i 2023 tilbydd kurs i lefsebakst, ølbrygging og plantefarging. Gjennom kursa får deltakarane praktisk innføring i ulike handverksteknikkar og innsikt i immateriell kunnskap forvalta av tradisjonsberarar.




Frå kurs i Plantefarging på Sunnfjord Museum.

Foto: Nina R. Brendsdal.

Ungar i fjæra på Kystmuseet i Sogn og Fjordane.



# 3



## Kunst

### Utstillingsverksemد

2023 var året vi tok naturen inn i kunstutstillingane våre, gjennom kunst fra både samtid og dei siste hundre åra, der kunstnarar på svært forskjellig vis har skildra korleis kunsten kan rette søkjelyset mot eit naturmangfald i stor endring. Dette var også året då vi monterte eit av våre mest påkosta verk på Eikaasgalleriet, og fekk vist den første store mònstringa av Nikolai Astrup sine verk på Kunstmuseet.

Med totalt ti utstillingsproduksjonar har avdelinga presentert nye utstillingar i Lærdal, Jølster og Førde. Gjennom eit travelt utstillingsår fekk vi støtte eksternt til å greie dette, gjennom vesentlege bidrag frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftelsen DNB. Vi fekk også stønad frå Sunnfjord kommune til å markere 85-årsdagen til Oddvar Torsheim, noko vi gjorde i form av ei pop-up-utstilling bursdagen hans 2. november.

### Ut i naturen

15. januar opna den første utstillinga for året på kunstmuseet, og den heimvende kunstnaren Bjørn Venø trollbatt dei mange som hadde teke turen opningskvelden. Venø, fødd og oppvaksen på Venøy i Stad kommune, flytta tilbake til heimstaden for nokre år sidan. Etter mange år i utlandet som kunstnar, der han har drive med mellom anna performance-førestillingar, foto og teikning, har han busett seg i havgapet. Inspirert av naturen rundt seg på heimstaden brukte han Høgsalen til både performance og utstilling av foto, drakter og ulike ting han hadde funne ved kysten.

Fredag 12. mai 2023 blir ståande som ein merkedag for kunstmuseet. Vi inviterte til storopning og fest

Astrupunet i fullmåne. Foto: Solveig Berg Lofnes.



Bjørn Venø held performance på Kunstmuseet.

Foto: Ulf Rugumayo Amundsen

i anledning den første utstillinga av Nikolai Astrup sine kunstverk i Førde. Den eksterne støtta frå sparebankstiftingane gjorde det mogleg for oss med eit stort innlån av Astrup-kunst, både frå Kode og frå private eigarar. Vi fekk også lånt ein Astrup-installasjon som blei utvikla for Munchmuseet og Kode i samband med dei store utstillingane deira av kunst frå Sparebankstiftelsen DNB si samling. Installasjonen var eit svært viktig supplement til utstillinga, som elles viste mangfaldet i Astrup sin produksjon, med både teikningar, tresnitt, måleri og trykkplater. Gjennom dei første seks vekene av utstillinga kunne publikum også teikne fram sine eigne Astrup-motiv i eit eige aktivitetsrom i Høgsalen. Lågterskeltilbodet blei raskt populært, og besökjande i alle aldrar kunne setje seg ned og utfalte seg i vårt mellombelse Astrup-atelier.



Nikolai Astrup: «Mine henders gjerninger» Foto: Oddleiv Apneseth



Inne i reisverk-modellen av Astrup sitt atelier.



Sommarvert har omvising i Nikolai Astrup sitt atelier.

I kunstnarheimen på Sandalstrand var atelieret ferdig restaurert til sesongstart 25. mai. Astruptunet var inne i sitt siste år med rehabilitering av hage og bygg i 2023, og resultatet av prosjektet er markant. Terrassane som Astrup grov fram, er no synlege og tilbakeført slik kunstnaren sette preg på dei

bratte bakkane. I galleriet var flere nye innlånte verk på plass til sommaren sin utstilling, og sammen med kunstmuseet tjuvstarta avdeling kunst det store gjenopningsåret for Astruptunet i 2024.

## Sommarsesong

Før sommaren opna heile fire utstillingar. Først ut var Eikasgalleriet, der eit av musea sine nyinnkjøpte kunstverk blei presentert for første gong. Siri Aurdal er kunstnaren bak verket, og den store installasjonen tok all plassen i hjartet av bygget. Saman med fleire av Ludvig Eikaas sine mest kjende verk, blei galleriet opna 2. juni.



Opning av utstillinga "Marianne Morild. Tunger i tre, preiker i steinar". Foto: Ingrid Norum.

6. juli opna vi siste utstilling før sommaren i Høgsalen på kunstmuseet. Marianne Morild sine fargesterke og vakre måleri fekk prege Høgsalen, og utstillinga opna under Førdefestivalen som kunstmuseet hadde eit flott samarbeid med.



Opning av utstillinga "Marianne Morild. Tunger i tre, preiker i steinar". Foto: Mayra Henriquez

## Torsheim-bursdag og gjensyn med gløymd kunstnar

Etter besøksrekorden på kunstmuseet under visninga av Astrup fekk vi knapt trekt pusten før neste storhending stod for tur. Den mest kjende samtidskunstnaren vår, Oddvar Torsheim, hadde nemleg rund dag 2. november. Til 85-årsmarkeringa i regi av Sunnfjord kommune tok vi ut alle Torsheim-verka i samlinga og laga pop-up-utstilling i første etasje på kunstmuseet. Utstillinga opna i forkant av bursdagen, som blei markert i Førdehuset med premiere på filmen «Idear frå Gud, djevel og dei fire verdshjørna».



Dagen etter Torsheims bursdag hadde vi glede av å opne ei stor utstilling med Rolv Muri sine måleri. Olden-kunstnaren hadde ein stor produksjon, og måleria hans finst mellom anna i Nasjonalmuseet.

Opning av utstillinga "Andlet til andlet- Portrett i Gjesmesamlinga», Sogn Kunstsenter



Justering bildetekst øvst: Opning og aktivitetar i pop-up utstillinga "Oddvar Torsheim. I Kunstmuseet si samling"

Gjennom fleire års arbeid har forfattar Ove Eide og musikar Arve Henriksen jobba med både bok og formidling av Muri. I samarbeid med Kunstmuseet blei det først boklansering, og sidan utstillingsopning 3. november.

Fredag 17. november opna vi den siste utstillinga for året i Høgsalen. Ingeborg Blom Andersskog var den siste kunstnaren med utstillingsplass i ledd av



Foto: SFKM

kunstsenterfunksjonen til Kunstmuseet, som blei avvikla ved overgangen til 2024. Det nyoppstarta Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane skal ta over arbeidet museet har hatt med dette.

### Aktivitetar for alle

Kunstmuseet har hatt månadlege verkstadtilbod for barn, med opplegg knytte til både utstillingar



Udstillingsopning Ingeborg Andersskog. Foto: Oddleiv Apneseth



Danseverkstedet under Kulturnatt.  
Foto: Mayra Henriquez



Familieverkstad med trykking. Foto: SFKM.

og relevante tema for årstidene. Tilbodet er svært populært og er ein del av Musea i Sogn og Fjordane sitt mål om meir tilrettelegging for publikumsgrupper som har tid til museumsbesøk i helgene. I adventstida gjennomførte vi verkstader både på Eikaasgalleriet og Kunstmuseet.

I dei månadene Astrup-utstillinga varte, var 703 skuleelevar innom museet og fekk fordjupe seg i den mangfoldige produksjonen til kunstnaren. Mange hadde verkstad i samband med besøk i utstillinga. I Astruptunet fekk vel 300 elevar besøkje kunstnarheimen på vårparten. På Sogn Kunstcenter gjennomførte vi DKS-opplegg vinter og vår, der elevane fekk sjå utstillinga Talande ting. Som ein del av opplegget var det også verkstad der elevane arbeidde med trolldraig.

Vi gjennomførte fire kunsttorsdagar på Kunstmuseet gjennom året. Dette er ein arrangementsserie der museet opnar dørene på kveldstid. Den siste av desse torsdagane var ein del av Kunstveka, som er eit nystartat samarbeid mellom museet, Kunstnarsenteret og ei rekke andre aktørar i Sunnfjord. Vi samarbeidde også med ei rekke kulturinstitusjonar i Førde om Kulturnatta 9. juni, og gjennom ettermiddagen og kvelden fekk vi 450 beskjande innom dørene.

# 4



## Administrasjon

I løpet av 2023 har vi gjort nokre endringar i korleis vi er organisert i administrasjonen. Avdeling for økonomi, administrasjon og drift, som var leia av stabssjefen, blei på hausten delt opp i seksjonar for økonomi og administrasjon, drift, personal og kommunikasjon og marknad. Seksjonane blei organisert som stabsfunksjonar rett under administrerande direktør. Kvar seksjon har no ein ansvarleg seksjonssjef. Målet er å få utnytta dei ressursane vi har tilgjengeleg, på ein betre måte. Ansvaret for Kafé Sobra på Sogn og Fjordane Kunstmuseum blei flyttet over til Sogn og Fjordane Kunstmuseum frå oktober 2023.

### Forsikring

Ei prosjektgruppe har i 2023 jobba med å samle forsikringsavtalene til Misf. Oppgåva har vore todelt: Først skulle ein velje forsikringsmeklar for organisasjonen og dernest innhente tilbod på forsikring i marknaden. Etter ein anbodsprosess blei Nordmegling, som har hovudkontor i Harstad, vald som forsikringsmeklar. Etter ei samkjøring i marknaden, i lag med fleire andre museum med same meklaren, fekk vi inn tilbod rett før jul. Vi registrerer at marknaden har låg interesse av å tilby forsikringsprodukt til museumssektoren.

### IT

Den daglege it-drifta har sidan våren 2021 blitt handtert av KulturIT, der Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er medeigar saman med 18 andre museum. KulturIT jobbar for digitalisering i sektoren i samarbeid med dei ulike musea, og tilbyr ulike fagsystem som er relevante for kultursektoren, i tillegg til it-drift. MiSF nyttar i dag digitale system for samlingsforvaltning (PRIMUS) og for digitalt tilgjenge til samlingane for publikum, via digitaltmuseum.no. På tamten av 2023 blei produktet Museumsbillett teke i bruk for digitalt sal av billettar på nettsida misf.no.

### Drift

Vi har gjennomført fleire oppgraderingar av tekniske anlegg på anlegga våre, som til dømes tilkoppling til kommunalt VA på Sunnfjord Museum. I revidert statsbudsjett fekk Kystmuseet i Sogn og Fjordane tildelt midlar som blei nytta til å oppgradere delar av taket på ein av driftsbygningane. Elles er det sendt søknad til Kulturdirektoratet om midlar til å fullføre takrehabilitering på Kystmuseet. Oppgradering av brannkonseptet er utført på Nordfjord Folkemuseum, og er i gang på Kystmuseet og De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum.

### Kommunikasjon og marknad

Kommunikasjon og marknad er slått saman til ein seksjon med kommunikasjons- og marknadssjef, marknadskonsulent og trainee innan marknadsføring.

I 2023 har kommunikasjon og marknad blitt kopla meir konkret på Musea i Sogn og Fjordane sine strategiske mål. Det har vi gjort gjennom å utarbeide ein kommunikasjonsstrategi som direkte byggjer opp under måla i musea sin overordna strategiplan. Kommunikasjonsstrategien inneholder målsetnader for å styrke omdømmet, få fleire besøkjande og drive formidling utanfor museumsarenaene. Strategien har ei rekke tiltak som mellom anna skal byggje ein felles kommunikasjonskultur og heve kompetansenivået, mellom anna ved å ha faste felles kommunikasjonsmøte, samlinger og interne webinar med kompetanseheving.

Museumspedagog Filippo Olari ved Kvernsteinsparken.

## Omtale i media

Musea i Sogn og Fjordane har auka talet på omtaler i redaktørstyrte medium med nær 20 prosent sidan 2022, til 244 for 2023. Medan ein fjerdedel av omtalene hadde ei kritisk vinkling i 2022, er negative omtaler nesten fråverande i 2023. Det skuldast nok ein kombinasjon av tilfeldigheiter knytt til kva som skjer i løpet av eit år, og det at vi har vore tidleg ute med å ta eigarskap til eigne historier, og vore opne, også med dei vanskelege sakene.

Enkeltarenaene med mest omtale er Nordfjord Folkemuseum, med dekninga av Holvikejekta, og Kunstmuseet i Sogn og Fjordane, med Astrup-utstillinga som drivar. Eit utviklingstrekk sidan 2022 er vekst i formidlinga, der spesielt tilsette ved Sunnfjord Museum har uttalt seg på NRK om ulike skikkar og tradisjonar. Vi har også hatt mange saker som vi i statistikken kallar for «samfunnssaktør», der musea blir synleggjorde som ein aktør som påverkar samfunnet rundt seg, som t.d. omtaler av Vamråk, Jotunet, Eipsenterstad, utviklinga i Førde, Lisetbu, Holvikejekta og meir.

## Besøk på nettsidene

Sidan musea fekk nye nettsider i juni 2022, og trafikkmålesystemet ikkje er direkte samanliknbart, kan vi berre slå fast at trafikken til misf.no i andre halvår har auka med over 50 prosent, frå 21 000 unike besøkjande i 2022 til 33 000 i 2023. Auken skuldast ein kombinasjon av nytt innhald som publikum finn via Google, deling av innhald via sosiale medium og annonsering.

### Engasjement i sosiale medium

Musea er aktive på sosiale medium, med samla nær 1 000 innlegg på Facebook åleine. I tillegg kjem storyar og aktivitet på Instagram. Samla følgjartal

vaks med rundt ti prosent, til høvesvis 17 000 og 11 000. Det er stor variasjon i både publisering, spreiing og engasjement knytt til innlegga. Det er sjeldan mange kommentarar og diskusjonar. Vi jobbar med kompetanseheving, men kapasitet for å klare å halde den kvaliteten som er nødvendig for at sosiale medium skal skape engasjement som bidreg til dialog og utvikling, er mangelvare.

### Besøkstal

Vi hadde ein auke i besøkstala frå 2022 til 2023 på om lag 23 %, som gjev eit samla besøkstal på 48 459. Auken vi ser hos fleire av musea våre, er veldig gledeleg. Dette er eit godt steg på vegen, og det er viktig for oss med dei eigeninntektene besøka gjev. Vi får meir ressursar til å utvikle nye og betre tilbod. Samstundes er totalen langt under der vi ønskjer å vere. Tala før pandemien var på vel 60 000 besøkjande, og målet er å få besøkstalet opp til 70 000 i 2026.


Mest auke er det på Vågsberget. I 2022 hadde dette museet 215 besøkjande, medan det i 2023 var 806 besøkjande. Dette kjem av eit godt samarbeid med Måløy Adventure, fleire cruisegrupper på museet og auka marknadsføring.

## Besøksstatistikk for Musea i Sogn og Fjordane

BESØKSSTAD	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Anders Svor Museum	758	491	774	688	863	0	0	0	0
Astrupunet	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429	5 548	4755	3263	4059
Eikaasgalleriet	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078	790	804	640	589
Sogn Kunstsenter	5 779	533	511	522	610	0	505	1694	2254
Sogn Og Fjordane Kunstmuseum	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845	3 741	4969	5453	8601
Kystmuseet I Sogn Og Fjordane	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803	2 824	3936	6147	4291
Nordfjord Folkemuseum	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537	3 009	2499	2880	2888
Norsk Kvernsteinsenter	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072	1 275	2787	1009	2497
Norsk Reiselivsmuseum	0	5 509	5 881	7 318	4 948	2 549	3545	6414	7770
Dhs-Sogn Folkemuseum	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511	4 800	6034	8325	9735
Sogn Fjordmuseum						*	794	0	857
Sunnfjord Museum	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844	2 054	3031	3345	4112
Vågsberget						*	419	215	806
<b>SUM PR. ÅR</b>	<b>61 084</b>	<b>63 814</b>	<b>66 830</b>	<b>64 294</b>	<b>57 540</b>	<b>26 590</b>	<b>34 078</b>	<b>39 385</b>	<b>48 459</b>

\*ikkje eigne tal for Vågsberget og Sogn Fjordmuseum før 2021 (ligg under tal for Kystmuseet og DHS-Sogn Folkemuseum)

BESØKSSTALSTUTVIKLING I MUSEA 2015-2022





Vågsberget

Nest størst prosentvis vekst i besøkstalet hadde Kvernsteinsparken i Hyllestad, med ein auke på om lag 150 %, 1 500 fleire besøkjande. Det er god vekst i både individuelle besøkjande og grupper. Etter ei tid med vakanse fekk museet ein ny, aktiv museumsleiar som tok ei aktiv rolle i lokalmiljøet og styrkte kommunikasjon og marknadsføring.

Ser ein på sjølve besøkstala, er det Sogn og Fjordane Kunstmuseum som har hatt den største auken. Kunstmuseet har hatt 3 148 fleire besøk i 2023 enn i 2022. Det har mellom anna vore ei utstilling med Nikolai Astrup sine måleri og jubileumsfeiring av Oddvar Torsheim. I tillegg har dei satsa på fleire arrangement på kveldstid, som har hatt godt besøk.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum bikka nesten 10 000 besøkjande, ein auke på 17 prosent sidan 2022. God vekst i turisttrafikken i Sogn er den viktigaste enkeltfaktoren bak veksten. Det same gjeld for Norsk Reiselivsmuseum, som har ein auke på nesten 1 400 besøkjande.

Sunnfjord Museum hadde ein auke på vel 640 besøkjande. Dette kjem mellom anna av flere populære arrangement. Astruptunet hadde ein auke på 24 %, med ein god vekst blant mindre grupper og individuelle. Mange har nok og vore nyfikne på rehabiliteringa av tunet og hageprosjektet. Sogn Kunstcenter fortset med fin vekst, og har ein auke på 560 personar. Dette er truleg eit resultat av

felles billett med Nasjonalt villakssenter i Lærdal, som blei restaurert til sesongen 2022. Dette hadde positiv innverknad på talet på besøkjande ved Sogn Kunstcenter i 2023 og.

Sogn Fjordmuseum var stengt i 2022 og hadde derav ein god vekst i 2023, med 857 besøkjande. Nordfjord Folkemuseum hadde besøkstal på same nivå som i 2022, med 2 888 besøkjande.

Eikaasgalleriet og Kystmuseet i Sogn og Fjordane hadde nedgang i besøkstala. For Kystmuseet kjem det av at vi hadde fleire store samarbeidsprosjekt i 2022 som gav mange besøkjande, mellom anna Fjordsteam i Bergen. Desse har vi ikkje hatt i år. Samanliknar vi 2022 og 2023 utan desse arrangementa, syner tala for Kystmuseet ein svak auke.

I 2023 hadde vi 5 423 elevar innom musea på ulike skuleopplegg.

Sjølv om det er fleire turistar i området, opplever vi framleis sterkt konkurranse frå andre reiselivsaktørar. Dei nyttar større ressursar på marknadsføring og produktutvikling, og dette er utfordrande å konkurrere mot.

Trenden er framleis at fleire ønskjer kulturopplevelinger når dei er på ferie, spesielt blant dei eldre. Gruppene er mindre, og det er fleire individuelle reisande som oppheld seg lengre i regionen. Dei ønskjer å møte lokalbefolkinga og oppleve det autentiske. Dette er trendar vi meiner gjev større potensial for musea våre, som vi må prøve å utnytte betre.

Vi nyttar felles rapporteringsskjema for besøkjande, med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Besøkjande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken



Kvernsteinsmarknaden i Hyllestad drog mange gjester.



De Heibergske Samlinger Sogn Folkemuseum.



Utstilling av Hans Gjesme sine portrett.

## Marknadsføring

I 2023 laga vi ein felles brosjyre der alle musea våre er presentert. Brosjyrane har vore distribuert ved musea våre og turistinformasjonane i fylket. For 2024 vil vi i staden lage ein liten løpesetel, der målsetnaden er å få dei til å besøkje nettsida vår. Årsaka til at vi gjer denne endringa, er at vi ser at færre og færre tek med seg brosjyrar, og vi vil heller nytte meir midlar på digitale kanalar.

Vi lanserte i 2023 eit felles årskort som vi selde på musea. Frå desember begynte vi å selje det digitalt via Museumsbillett, for å kunne køyre julegåvekampanjar. Frå 2024 vil vi bruke museumsbillett på alle våre digitale billettar. Museumspasset har vi gjort om til eit sesongkort som varer i 2 månader. Dette er eit produkt for dei som er på reise i Sogn og Fjordane. Dette har vore til sals ved musea våre og digitalt på misf.no.

Hausten 2023 fekk vi inn ein trainee på marknadsføring i musea, som mellom anna har auka kapasiteten på sosiale medium. Frå september har vi hatt ulike kampanjar i sosiale medium, mellom anna i samband med haustferien og juleferien, for å gjere tilboda på musea våre meir kjende.

Marknadskonsulenten har ansvaret for avtalene med destinasjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å oppnå stordriftsfordelar. Vi har eit godt samarbeid med destinasjonsselskapet i regionen, og vi har i løpet av året hatt nokre visningsturar med turoperatørar. Vi deltok på Norwegian Travel Workshop med felles stand gjennom nettverket «Museums in Norway».

Marknadsføring i samband med arrangement og utstillingsopninga i MiSF er kvar enkelt museumsarena sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale medium, regional og lokal presse, nettsida og ulike samarbeidspartnarar. På den nye nettsida vår har vi fått ei felles oversikt over alle opplevingane som musea våre tilbyr. Vi har nytta Enjoy (enjoy.ly) for sal av digitale billettar. Seksjon for kommunikasjon og marknad har hjelpt musea våre med annonsering av arrangement i sosiale medium.

I den nye strategiplanen har vi lagt vekt på at vi skal utvikle tilboden ved musea meir i tråd med marknaden, gjennom tettare dialog med omgjevnadene. Dette tiltaket skal vi setje i fokus i 2024, for å skaffe oss meir innsikt om dei som besøkjer oss, og ikkje minst om dei som ikkje besøkjer oss, før vi startar arbeidet med å utvikle nye tilbod ved dei ulike musea våre.

# 5



# Om Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane blei oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleveling).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane blei stifta 14. januar 2009, med ein stiftingskapital på 100 000 kroner, fordelt med 50 000 kroner på Sogn og Fjordane fylkeskommune og 10 000 kroner på kvar av dei andre stiftarane, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum.

I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta over drifta i Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter med verknad f.o.m. 2013.

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum blei overdrege til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane 14.07.2017, etter vedtak i Lotteri- og stiftelsestilsynet, med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ein stiftingskapital på 110 000 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 210 000 kroner.

Med verknad frå 01.09.2018 overførte Nordfjord Sogelag samlingar og eigedommar ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Frå 01.01.2021 er Kystmuseet i Sogn og Fjordane (stiftinga) slått saman med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, med det sistnemnde museet som den overtakande parten. Eigdomsretten til samlingar og eigedomar ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane og tilhøyrande satellittar er overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Kystmuseet kom inn med ein grunnkapital på 4 246 483 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane til 4 456 483 kroner, som var status per 31.12.2021.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane bestod av følgjande museum ved utgangen av 2023:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum  
Sogn Fjordmuseum  
Norsk Reiselivsmuseum  
Sogn og Fjordane Kunstmuseum  
Astruptunet  
Eikaasgalleriet  
Sogn Kunstsenter  
Nordfjord Folkemuseum  
Kystmuseet i Sogn og Fjordane  
Vågsberget  
Sunnfjord Museum  
Kvernsteinsparken

## Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det ifølgje stiftingsvedtekten vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyla, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane). Rådet hadde eit møte i 2023

## Styret

Styret er sett saman av styreleiar, nestleiar og fem styremedlemmer, totalt sju personar. Vestland fylkeskommune vel styreleiaaren og ein styremedlem, med personlege varaer. Rådet vel tre medlemmer, med personlege varaer. To medlemmer, med personlege varaer, blir valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga. Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore driven i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningslinene som er gjevne i tilsegnssbreva frå offentlege styresmakter.

Styremedlemmer 2023

Styreleiar:	Ivar Kvalen
Nestleiar:	Gunhild Berge Stang
Styremedlem:	Magni Aa Berge
Styremedlem:	Siri Sandvik
Styremedlem:	Rune Hegrenes
Styremedlem (tilsettrepresentant):	Knut Arve Helle
Styremedlem (tilsettrepresentant):	Therese Nesset
Første vara:	Hege Lothe
Andre vara:	Frode Bøthun
Tredje vara:	Eli-Grete Høyvik
Fjerde vara:	Hilde Kvamsås Aa
Femte vara:	Monica Finden
Første vara tilsette:	Hilde Wiik
Andre vara tilsette:	Ingvild Førde


# Leiargruppa

Leiargruppa blei omorganisert 1. oktober. Avdeling for økonomi, administrasjon og drift, som hadde ein direktør. Desse stabsfunksjonane , er no splitta i seksjonane økonomi og administrasjon, seksjon for drift, seksjon for personal og seksjon kommunikasjon og marknad. Kvar seksjon er representert i leiargruppa med ein seksjonssjef. I tillegg består leiargruppa av administrerande direktør, direktør for forsking og bevaring, direktør for kunst og direktør for kulturhistorie. Møtefrekvensen er 2-4 gonger i månaden.

# Utvida leiargruppe

Den utvida leiargruppa består av leiargruppa og i tillegg alle museumsleiarane, leiande handverkar (vakant) og marknadskonsulenten. Møtefrekvensen er minimum fire gonger i året.

## Organisasjonskart



# 6



# Årsrekneskap for

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Org.nr. 994 179 136 - Rekneskapsår 01.01.2023 - 31.12.2023

## Styrets si årsmelding for 2023

### Verksemdas art og lokalisering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eit konsolidert museum oppretta i 2009, som verkar i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Dei ulike museum og besøksstadane omfattar Nordfjord Folkemuseum (Sandane – Gloppen Kommune), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø – Kinn Kommune), Sunnfjord Museum (Førde – Sunnfjord Kommune), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde – Sunnfjord Kommune), Kvernsteinsparken (Hyllestad Kommune), Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand – Sogndal Kommune), Handelsstaden Vågsberget (Vågsøy – Kinn Kommune), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Aistrupnet (Sandal - Sunnfjord Kommune), Eikaasgalleriet (Ålhus – Sunnfjord Kommune) og Sogn Kunstsenter (Lærdal Kommune).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er ei stifting registrert i foretaksregisteret i Brønnøysund med organisasjonsnummer 994 179 136.

Forretningsadresse er Gota 16, 6823 Sandane. Føremålet til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknyting til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.

Stiftinga si målform er nynorsk.

### Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane

Viktigaste hendingane i 2023 er bygging og overlevering av første del av fellesmagasinet (Tinghuset), og igangsetting av verne og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane. Det er sett i gang eit større vedlikehaldsprosjekt på Kystmuseet. Godt samarbeid på tvers av gamle avdelingar er framleis høgt prioritert.

Musea i Sogn og Fjordane mottekk offentlege tilskot frå alle offentlege nivå, stat, fylket og kommune. For 2023 utgjer ordinære offentlege tilskot 89 % av totale inntekter. I tillegg til dette mottek MiSF tilskot frå Kulturdepartementet på vegne av Måløyraidsenteret, Gulatingset og Jakob Sande selskapet. Desse tilskota vert vidare utbetalt til dei nemnde organisasjonane og er ikkje ein del av tala i årsrekneskapen. For 2023 summerte tilskota seg med følgande fordeling; kr 701 800, kr 537 900 og kr 1 050 600.

### Styrearbeidet

Styret hadde fem møte og behandla 54 saker i 2023.

## Framleis drift

Styret vurderer MiSF sin økonomiske situasjon som solid med ein eigenkapitalgrad på 20,7 % og likviditeten som god.

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Den finansielle risikoene i stiftinga er låg.

## Arbeidsmiljø

Å skape sterke og trygge arbeidsmiljø er eit prioritert fokusområde i MiSF. I tillegg til faste rutinar på medarbeiterundersøking, medarbeiteroppfølging og risikokartleggingar har vi i 2023 hatt eit ekstra fokus på å knytte relasjonar på tvers og styrke kulturen og fellesskapet i organisasjonen vår gjennom faglege og sosiale treffpunkt og møtestader.

Vi har gjennomført kvartalsvise møter i AMU, samt jamlege informasjons- og drøftingsmøte med tillitsapparat.

## Skader og ulukker

Det er registrert ein personskade på Kystmuseet i 2023. Skaden gjaldt fall frå trapp. Skaden vart meldt

inn som yrkesskade til NAV og tilsett vart følgd opp. Avvik er registrert og lukka.

## Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær per 31.12.2023 utgjer 2,75% mot 6,08% i 2022. Tal viser generell nedgang i fråveret samanlikna med fjoråret. Stiftinga har god sjukefråværssoppfølging i tråd med lover og interne reglar.

## Likestilling og diskriminering

Både styret og leiinga er bevisste på dei samfunnsmessige forventningar og krav som ligg til arbeid med likestilling og diskriminering. Det er planlagt å utarbeide ein likestillingsplan (GEP) samt mangfaldsplakat i løpet av 2024, som viser konkrete mål for likestilling og diskriminering. Utover dette arbeider stiftinga aktivt for å hindre diskriminering gjennom rutiner og prosessar innan personalpolitikk, rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og medarbeiteroppfølging.

Stiftinga hadde i 2023 til saman 64,23 årsverk. Dette er inklusive vikarar, mellombelse engasjement/prosjektstillingar og sommarvertar/timetilsette. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

## Type rolle/stilling per 31.12.23

Type rolle/stilling per 31.12.23	Tal	Kvinner/Menn
Administrerande direktør	1 årsverk	Mann
Leiargruppa	8 årsverk	3 kvinner, 5 menn
Museumsleiarar	8 årsverk	7 kvinner, 1 mann
Styret	7 personar	4 kvinner, 3 menn
Faste stillingar	52,93 årsverk	45 kvinner, 30 menn
Mellombelse stillingar/sesongtilsette/vikariat	11,30 årsverk	44 kvinner, 49 menn
Andel foreldrepermisjonar i 2023	8	4 kvinner, 3 menn

## Åpenhetsloven

MiSF har ein storleik som gjer at organisasjonen pålagd å fylje utgreiingsplikta i tråd med åpenhetslova si §4. Utgreiing på området er tilgjengeleg på nettstaden [www.misf.no](http://www.misf.no), i tråd med krav i lova.

## Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre negativ påverknad på det ytre miljø.

## Forsikring styret/dagleg leiar

Det er ikkje teikna forsikring for styrets medlemmar eller administrerende direktør med tanke på deira moglege ansvar overfor stiftinga.

## Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvisande bilet av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt. Stiftinga hadde i 2023 eit bokført resultat på 2 007 333 kroner. Styret sitt framlegg til disponering er at overskotet vert tilført annan eigenkapital. Styret er ikkje kjend med hendingar etter avslutning av årsrekneskapen som påverkar rekneskapen i vesentleg grad. Kontantstraumen er positiv.

Ved utgangen av 31. desember 2023 var total eigenkapital på kr 31 244 709. Netto pensjonsforpliktning er balanseført til kr.18 868 987.

## STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Sandane 27.02.2024

**Ivar Kvalen**  
Styreleiar

**Gunhild Berge Stang**  
Nestleiar

**Siri Sandvik**  
Styremedlem

**Therese Nesset**  
Styremedlem

**Magni Aa Berge**  
Styremedlem

**Knut Arve Helle**  
Styremedlem

**Rune Hegrenes**  
Styremedlem

**Jan Heggheim**  
Adm.direktør

elektronisk signert

# 7. Årsrekneskap

## Resultatrekneskap

	Note	2023	2022
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntek	1	5 021 087	3 807 624
Driftstilskot	1	66 145 217	63 142 022
Prosjektinntekter	1, 2	3 758 290	1 624 567
Anna driftsinntekt	1	754 260	858 312
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>75 678 854</b>	<b>69 432 525</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		-1 645 893	-1 501 120
Lønskostnad	3	-44 911 255	-41 915 794
Avskrivning	4	-807 189	-898 237
Andre driftskostnader	3, 5, 6	-28 473 093	-26 175 268
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-75 837 430</b>	<b>-70 490 419</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-158 576</b>	<b>-1 057 894</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Anna renteinntekt		2 233 760	609 748
Anna finansinntekt		264	2 699
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>2 234 024</b>	<b>612 447</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annan rentekostnad		-53 747	-13 381
Annan finanskostnad		-14 368	-6 074
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>-68 115</b>	<b>-19 455</b>
<b>Netto finans</b>		<b>2 165 909</b>	<b>592 992</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>2 007 334</b>	<b>-464 902</b>
<b>Overføringer</b>			
Annan eigenkapital		2 007 334	-464 902
<b>Sum overføringer</b>		<b>2 007 334</b>	<b>-464 902</b>

## Balanse pr. 31. desember

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmidlar</b>			
Tomter, bygninger og annan fast eigedom	4	92 853 989	29 539 505
Maskiner, driftsløsøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	4	2 489 397	1 341 336
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>95 343 386</b>	<b>30 880 840</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		255 730	255 730
Andre langsiktige fordringar		2 221 371	2 078 016
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>2 477 101</b>	<b>2 333 746</b>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>97 820 487</b>	<b>33 214 586</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		872 273	772 915
<b>Sum varer</b>		<b>872 273</b>	<b>772 915</b>
Fordringar			
Kundefordringar	7	1 017 305	599 280
Andre kortsiktige fordringar	7	7 908 472	5 747 053
<b>Sum fordringar</b>		<b>8 925 777</b>	<b>6 346 333</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	42 679 704	65 791 872
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>42 679 704</b>	<b>65 791 872</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>52 477 754</b>	<b>72 911 120</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>150 298 241</b>	<b>106 125 706</b>

## Balanse pr. 31. desember

	Note	31.12.2023	31.12.2022
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	9	4 456 483	4 456 483
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>4 456 483</b>	<b>4 456 483</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	9	26 788 226	24 780 892
<b>Sum oppent eigenkapital</b>		<b>26 788 226</b>	<b>24 780 892</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>31 244 709</b>	<b>29 237 375</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktingar</b>			
Pensjonsforpliktingar	10	18 868 987	21 632 581
<b>Sum avsetning for forpliktingar/langsiktig gjeld</b>		<b>18 868 987</b>	<b>21 632 581</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		17 294 642	6 315 155
Påløpte prosjekt	2	75 191 021	41 386 229
Skuldige offentlege avgifter		2 980 364	2 707 183
Anna kortsiktig gjeld	11	4 718 517	4 847 183
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>100 184 544</b>	<b>55 255 750</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>119 053 531</b>	<b>76 888 331</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>150 298 241</b>	<b>106 125 706</b>

Sandane, 27.02.2024

Ivar Kvalen  
Styreleiar

Hanne Bergliot Oftedal  
Nestleiar

Arild Bergstrøm  
Styremedlem

Kristin Maurstad  
Styremedlem

Hilde Katrine Wiik  
Styremedlem

Jan-Arve Lund  
Styremedlem

Gunnhild Alis Berge Stang  
Styremedlem

Jan Heggheim  
Dagleg leiar

## Notar til rekneskapen 2023

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er brukte:

### Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter er samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld

Eigedeler bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordring som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarende kriterie lagde til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrivne over driftsmidlane si levetid dersom dei har ei levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpende under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet.

Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av dei enkelte fordringane

### Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffelseskost etter FIFO prinsippet og verkeleg verdi. Det vert gjort nedskriving for pårekneleg ukurans.

### Pensjonar

Stiftinga har ei yttingsbasert pensjonsordning. Ytingsplan inneber at pensjonsordninga definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorar som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlegare periodar sin pensjonsoptening.

Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av en uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppeningsmetode.

Noverdien av dei definerte ytingane vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med ei langsiktig risikofri rente med tillegg av eit risikopåslag. Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene utover det største av 10% av verdien av pensjonsmidlane og 10% av pensjonsforpliktingane, blir ført i resultatrekneskapet over ein periode som tilsvavar arbeidstakarane si forventa gjennomsnittlege resterande tid til pensjonering.

Endringar i pensjonsplanen sine ytelsar vert kostnadsført eller inntektsført løpande i resultatrekneskapen, med mindre rettigheitene etter den nye pensjonsplanen føreset at arbeidstakaren vert verande i teneste i ein spesifisert tidsperiode. I dette tilfellet resultatførast effekten av endringa lineært over opptentingsperioden.

Noverdien av pensjonforpliktingane er avhengig av fleire faktorar (herunder diskonteringsrenta) som må fastsettast ved bruk av ei rekke føresetnader. Alle endringar i desse føresetnadene påverkar pensjonsforpliktingane. Andre grunnleggande føresetnader for pensjonsforpliktelsane er delvis basert på faktiske marknadstilhøve. Tilleggsinformasjon vert vist i note.

#### **Konsolidering**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av fylgjande organisasjonar:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Reiselivsmuseum

#### **Note 1 Driftsinntekter**

	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Omsetning varer og tjenester	5 021 087	3 807 624
Tilskot frå stat v/Kulturdepartementet	41 144 700	39 546 400
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	17 114 799	16 053 560
Tilskot frå kommunar (i tidl. Sogn og Fjordane fylke)	7 885 718	7 542 062
Inntekter prosjekt	3 758 290	1 624 567
Andre driftsinntekter	754 260	858 312
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>75 678 854</b>	<b>69 432 525</b>

Alt av selskapet si omsetning skjer i Norge

#### **Note 2 Prosjekt i arbeid**

Stiftinga mottak årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatførast når dei vert brukt.

Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og blir ikkje vist i noten.

	<b>Prosjekt nr</b>	<b>Saldo 01.01.</b>	<b>Mottatt</b>	<b>Bruk</b>	<b>Saldo 31.12.</b>
Prioritering i bygningssamlinga (Museumsloft 2020)	1020	16 709		16 709	0
Forskningsinfrastr. for musea i Vestland	1021	1 084 133	1 320 258	1 073 952	1 330 439
Takrestaurering Kystmuseet	1023	0	1 000 000	637 281	362 719
Båtmagasin felles	1315	2 359 688			2 359 688
Haugefisk	3310		-3 908	-3 908	0
Haugefisk 2019	3471	249 605	-238 990	10 615	0
Haugefisk 2020	3472	47 372		47 372	0
Mostien	4057	68 102			68 102
Elvhaug	5917	347 030	41 267	29 607	358 690
Utstillingar Norsk Reiselivsm (NRM)	5926	0	31 143	31 143	0
Video båtbygging	5920	46 925	-46 925		0
Fjordmuseum	5927	75 625	221 165	6 972	239 819
Kulturlandskap museum	5928	108 999	-31 143	8 850	69 006
Slusken fortel	5937	174 240	-174 240		0
Norsk RM uførutsett	5943	383 216	-4 942	77 494	300 780
Minner.no	5944	50 000		50 000	0
Astruputstilling 2023 SFKM	5965	0	1 200 000	1 200 000	0
Hemrebui	5966	0	300 000	146 360	153 640
DKS det omreisande museet	5967	0	100 000	2 502	97 498
Pilotprosjekt Kunst	6064	786 247	250 000	257 986	778 261
Innkjøp kunst - ekstra tilskot 2021 - 3	6068	-15 482		-15 482	0
Rolf Muri 2023 utstilling	6122	0	100 000	100 000	0
Utviklingsmidlar NKS	7017	163 503			163 503
NRM bokprosjekt Dreesen	8001	102 567		102 567	0
NRM bokprosjekt Dreesen	8002	-71 129	-600	-71 729	0
<b>Sum prosjektmidlar</b>	<b>5 977 350</b>	<b>4 063 085</b>	<b>3 758 290</b>	<b>6 282 144</b>	
Andre prosjekt andre konti					
Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta		13 108 877	3 500 000		16 608 877
TINGhuset (fellesmagasin)		22 300 000	30 000 000	0	52 300 000
<b>Sum prosjektmidlar totalt</b>	<b>41 386 227</b>	<b>37 563 085</b>	<b>3 758 290</b>	<b>75 191 022</b>	

## Note 3 Tilsette, godtgjersle, mv.

<b>Lønskostnad</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Løn	35 088 573	32 643 089
Arbeidsgjeveravgift	5 060 964	3 888 666
Pensjon	4 715 911	4 998 545
Andre personalkostnader	45 807	385 495
<b>Sum</b>	<b>44 911 255</b>	<b>41 915 794</b>
Tal årsverk faste	53	55
Tal årsverk andre	11	10
<b>Sum årsverk</b>	<b>64</b>	<b>65</b>
<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn/honorar	1 096 233	234 869
Andre ytingar	29 192	5 490
<b>Sum</b>	<b>1 125 425</b>	<b>240 359</b>
<b>Revisor</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Honorar revisjon (eks.mva)	245 205	209 609
<b>Andre revisjonsrelaterte tenester (eks.mva)</b>	<b>15 873</b>	<b>33 249</b>

## Note 4 Anleggsmidlar

	<b>Bygning</b>		<b>Installasjoner</b>		<b>Inventar</b>	
	<b>Tinghuset</b>	<b>KSF</b>	<b>NRM</b>	<b>Bilar</b>	<b>Sunniford</b>	<b>Museumst</b>
	<b>Ramstad</b>	<b>Ramstad</b>	<b>NRM</b>	<b>utstyr</b>	<b>utstyr</b>	<b>utstyr</b>
<b>Anskaffelseskost 1.1.</b>	2 718 124	9 431 190	7 391 622	308 000	4 879 451	279 800
<b>Tilgang i året</b>						
Anskaffelseskost 31.12.	2 718 124	9 431 190	7 391 622	308 000	6 555 841	279 800
Samla ordinære avskrivninger	0	1 318 744		277 800	4 192 567	279 800
Bokført verdi 31.12	2 718 124	8 112 446	7 391 622	30 200	2 363 274	0
Årets ordinære avskrivninger	0	188 623		30 800	305 461	0
Levetid		50 år		10 år	5/10 år	4 år
Avskrivingsmetode		Lineær		Lineær	Lineær	Lineær
<b>Fellesmagasin</b>						
<b>Anlegg under oppføring</b>	<b>Anlegg under oppføring</b>	<b>Holvikejekta</b>	<b>Sum anlegg</b>			
<b>Anskaffelseskost 1.1.</b>	8 739 737	734 701	36 863 561			
<b>Avgang i året</b>			0			
Tilgang i året	53 471 369	5 121 975	65 269 734			
Anskaffelseskost 31.12.	67 211 106	5 856 676	102 133 295			
Samla ordinære avskrivninger	0		6 789 901			
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>67 211 106</b>	<b>5 856 676</b>	<b>95 343 385</b>			
Årets ordinære avskrivninger	0	0	807 189			
Avskrivningsmetode						
Levetid						

#### Overtaking av kunstsamling fra Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga eig ei mindre kunstsamling som ikkje er balanseført.

Eigarskapen vart overført i samband med sammenslåinga av Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2017. Overdragninga var vederlagsfri.

I 2020 og 2021 har vi motteke ekstraordinære tilskot på 5 millionar til innkjøp av norsk samtidskunst, frå nolevande kunstnarar. Desse kunstverka er ikkje balanseført.

#### Overtaking av samlingar frå Nordfjord Sogelag

Pr. 1. september 2018 overlot Nordfjord Sogelag eigarskapen til bygningar og gjenstander ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Overdragninga var vederlagsfri. Egedelane er ikkje balanseført i rekneskapen.

Overtakinga omfatta desse bygg og gjenstander:

- Holrikejekta
- Administrasjons- og utstillingsbygg
- Lagerbygg
- Friluftsmuseet med 44 antikvariske bygninger og ein kopi (Jølet)
- 2 bygningar utanfor Jølet
- Ca 23.000 gjenstander

#### Overtaking av bygg og samlingar frå Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Med rekneskapsmessig verknad pr. 1. januar 2021, har Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Kystmuseet i Sogn og Fjordane slått seg saman.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er overtakande stifting.

Overdragninga var vederlagsfri. Driftsbygg og anlegg er balanseført i rekneskapen.

Samlingane er ikkje balanseførte.

#### Fellesmagasin

Totalt er det er løvd investeringstilskot på 40 millionar frå Kulturdepartementet, og 20 millionar frå Vestland Fylkeskommune til formålet pr. 31.12.23.

Utbetalte tilskot, kr. 52.300.000, er medteke som gjeld i rekneskapen pr 31.12.2023 under posten påløpte prosjekt.

Gjenståande sum på MNOK 7,7 er venta utbetalte i 2024 (Kulturdepartementet).

Byggekostnader i 2022-2023 er aktivert i balansen pr. 31.12.2023.

Avskrivingar oppstår først når bygget er ferdigstilt og blir teke i bruk i 2024.

#### Holrikejekta (verne- og formidlingsbygg)

Totalt er det er løvd investeringstilskot på 13 millionar frå Kulturdepartementet, 12,5 millionar frå Vestland

Fylkeskommune og 10,7 millionar frå Gloppe Kommune til formålet pr. 31.12.23.

Gloppe Sogelag og Gloppebygg har gitt hhv. 1,7 million og kr 100 000 i gåve. Gåveforsterkningsordninga har bidratt med kr 308 877.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har gitt 1,5 millionar i gåve.

Utbetalte tilskot, kr.16.308.877, er teke med som gjeld i rekneskapen pr 31.12.2023 under posten påløpte prosjekter.

Gjenståande sum på MNOK 23,2 millionar er forventa utbetalte i 2024 og 2025.

Påløpte byggekostnader i 2023 er aktivert i balansen pr. 31.12.2023.

Avskrivingar oppstår først når bygget er ferdigstilt og blir tatt i bruk vår 2025.

#### Note 5 Andre driftskostnader

	2023	2022
Fraktkostnader	363 156	63 721
Kostnader lokale	11 782 321	10 212 178
Leige av driftsmidlar	926 166	1 042 416
Inventar, utstyr, samlingar og utstillingar etc.	4 588 866	3 639 904
Rep./vedlikehald	3 785 087	3 681 713
Revisjon, rekneskap, konsulent	1 708 249	2 076 624
Kontorkostnader/telefon/porto	1 019 985	1 007 653
Bilkostnader	123 727	64 818
Reisekostnader	1 260 015	1 205 013
Marknadsføringskostnader	1 350 956	1 832 202
Forsikringskostnader	836 975	997 278
Andre driftskostnader	727 590	351 748
<b>Sum kostnader</b>	<b>28 473 093</b>	<b>26 175 268</b>

#### Note 6 Leigeavtaler

Stiftinga har følgjande leigeavtalar: Utleigar	Leigeperiode		
	fra	til	årleg leige
<b>Leige lokale:</b>			
Norsk Reiselivsmuseum	Statsbygg	01.04.2015	4 597 464
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	Vestland fylkeskommune	01.01.2013	2 871 843
Kaileige i Bremanger (Haugefisk)	Havstjerna Eigedom AS		14 000
Løa	Krokane Gard		75 675
Kontor, Kvernsteinsparken	Stavanger Apartments		102 000
Lagerleige, Førde	O. Drage AS		135 848
Andre tilfeldige leigeekostnader			116 597
<b>Sum</b>			<b>7 913 426</b>
<b>Leasing transportmidlar/utstyr:</b>			
Leige programvare IT	01.01.2023	31.12.2023	790 822
Andre tilfeldige leigeekostnader	01.01.2023	31.12.2023	135 344
<b>Sum</b>			<b>926 166</b>

## Note 7 Kundefordringar/Andre fordringar

Selskapet sine kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med kr 150.000. Tilsvarande avsetning i fjor var kr 150.000. Av kundefordringane er det 516 809 som er eldre enn eitt år.

### Andre fordringar

	2023	2022
Tilskot frå Stiftelsen Uni		240 000
Tilskot Haugefisk -VLFK	208 000	200 000
Tilskot Lisethbua -VLFK	200 000	
Tilskot Sparebankstiftelsen SSF		80 000
Tilskot Museumsloft - VLFK	160 000	100 000
Tilskot Vestland fk - skipperlugar Haugefisk	150 000	150 000
Tilskot Vestland fk - infrastrukturprosjekt		222 000
Forskot løn/reise	20 000	74 975
Tilgode meirverdiavgift	5 057 279	2 516 450
Forskotsbetalte kostnader	2 113 193	2 163 628
<b>Sum andre fordringar</b>	<b>7 908 472</b>	<b>5 747 053</b>

Av desse fordringane er kr 150 000 over 1 år.

## Note 8 Bundne bankinnskot

Av inneståande i bank er kr 1.469.900,- bundne skattetrekksmidlar.

## Note 9 Spesifikasjon eigenkapital

	Sum
Innbetalt stiftingskapital	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Nordfjord Folkemuseum	10 000
Sunnfjord Museu	10 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	10 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	10 000
De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	10 000
Sum opprinnelege stiftarar	100 000
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Sammanslåing 2017)	110 000
KSF grunnkapital stiftinga (Samanslåing 2021)	4 246 483
<b>Sum grunnkapital</b>	<b>4 456 483</b>

### Spesifikasjon eigenkapital

	Grunn kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1.	4 456 483	24 780 893	29 237 376
Årets resultat		2 007 333	2 007 333
